



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

VINJE KOMMUNE  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

**Vår dato:** 24.04.2026

**Vår ref.:** 202107628-16 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 2022/125-130

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVE trekker motsegna – Detaljreguleringsplan for Storrlineset del 2 - Vinje kommune**

Vi viser til brev datert 14. og 21.04.2026. Saka gjeld detaljreguleringsplan for Storrlineset del 2. I brevet ber de oss om å vurdere å trekke motsegn til planen på grunnlag av oppdatert plankart og føresegner.

**NVE trekker motsegn til detaljreguleringsplan for Storrlineset del 2. Det er lagt inn omsynssone for skred i plankartet i eit område som er utbygd, og det er gitt føresegner om forbod mot nye byggetiltak i omsynssona.**

### **Om motsegna**

NVE fremja motsegn til detaljreguleringsplan for Storrlineset del 2 i brev datert 17.02.2026. Grunnlaget for motsegna var fordi mogleg skredfare ikkje er vurdert og ev. innarbeidd i planen.

Vi skreiv i motsegna at:

*«For at grunnlaget til motsegna skal falle bort må det bli gjort ei fagleg vurdering av skredfaren i samsvar med NVEs digitale rettleiar. Viser utgreiinga at det er reell skredfare i byggeområder, må omsynssone for skred bli innarbeidd i plankartet og det må bli gitt føresegner til sona.»*

### **Mogleg skredfare**

[NVE Aktsemdkart snøskred](#) (2023) viser at delar av det nordlege planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred og jord- og flaumskred. Området er utbygd med hytter.

Kommunen har sendt oss oppdatert plankart med og føresegner til sona. Etter dialog med NVE har kommunen valgt å legge inn ei omsynssone i plankartet basert på aktsemdkartet for snøskred, som har størst utstrekning. Det er gitt føresegn til omsynssona som seier at:

*«H310: Potensielt fareområde for skred, som ikkje er greidd ut for reell fare. Det er ikkje tillate med nye byggetiltak i omsynssona. Grunnlag for omsynssona er NVEs*



aktsemdkart for snøskred (2023) og NVEs aktsemdkart for jord- og flaumskred (2025).»

NVEs vurdering er at revidert plankart og føresegner er tilstrekkeleg grunnlag for at vi kan trekke motsegna til planen. Det er lagt inn omsynssone for skred i plankartet i eit område som er utbygd, og det er gitt føresegner om forbod mot nye byggetiltak i omsynssona.

### **Konklusjon:**

Vi vurderer at grunnlaget for motsegna har falle bort. **Under føresetnad av at planen vert vedteken i samsvar med det vurderte utkastet, trekker NVE motsegn til detaljreguleringsplan for Storlineset del 2.**

### **Meld inn naturfareutgreiingar**

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

VINJE KOMMUNE

### **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR